

Notat

Antall institusjonsplasser for Vindafjord relatert til demografisk endring

Demografiprognose Vindafjord kommune

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2040	2045	2050
0 - åringer	90	114	84	86	86	87	88	88	88	89	90	89	85	80
Barneskole (1-5 år)	485	481	457	456	439	435	440	445	450	452	454	467	454	430
Grunnskole (6-15 år)	1 164	1 146	1 122	1 082	1 058	1 042	1 013	990	971	950	940	924	956	951
Videregående (16-19 år)	453	464	459	477	491	476	470	453	436	435	425	379	360	372
Voksne (20-66 år)	5 262	5 311	5 194	5 172	5 147	5 150	5 136	5 133	5 123	5 128	5 108	5 013	4 908	4 790
Eldre (67-79 år)	1 125	1 160	1 161	1 195	1 227	1 226	1 251	1 276	1 288	1 274	1 295	1 332	1 322	1 347
Eldre (80-89 år)	368	390	400	406	433	460	477	491	521	555	567	652	724	764
Eldre (90 år og eldre)	122	115	104	106	98	104	107	108	109	106	114	155	198	238
Total	9 069	9 181	8 981	8 980	8 979	8 980	8 982	8 984	8 986	8 989	8 993	9 011	9 007	8 972

Med fokus på dei eldste:


	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2040	2045	2050	Øk 2030	Øk 2035	Øk 2040	Øk 2050
ALLE over 67	1 615	1 665	1 665	1 707	1 758	1 790	1 835	1 875	1 918	1 935	1 976	2 139	2 244	2 349	10,8 %	22,4 %	32,4 %	45 %
ALLE Over 80	490	505	504	512	531	564	584	599	630	661	681	807	922	1 002	15,1 %	39,0 %	64,7 %	104 %
ALLE Over 90	122	115	104	106	98	104	107	108	109	106	114	155	198	238	-14,8 %	-6,6 %	27,0 %	95 %
Alle over 67	1 615	1 665	1 665	1 707	1 758	1 790	1 835	1 875	1 918	1 935	1 976	2 139	2 244	2 349				

Til høgre viser prosent auke frå 2025. Det viser at talet på personar over 80 år aukar med 64 % fram mot 2040 og med 104 % i 2050. Ressursbehovet totalt innan pleie og omsorg er estimert til 46 % auke fram mot 2040, med utgangspunkt i dagens nivå tenester.

Nøkkeltal - fordeling pleie og omsorgskostnader mellom institusjon og heimebaserte tenester

Vindafjord kommune fordeler ein større andel av kostnadane innan pleie og omsorg på institusjon enn landet og mange andre kommunar. Vindafjord sin andel er 56% medan landet utan Oslo sin andel er 44 % og kostragruppe 1 som Vindafjord høyrer til har ein andel av kostnadane sine innan institusjon på 41%. Det viser at Vindafjord må i større grad skyve tenestene meir over på heimebaserte tenester.

Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)



	2022	2023	2024	2025
Vindafjord	53,3 %	52,5 %	54,7 %	56,4 %
Rogaland	49,3 %	49,6 %	48,5 %	48,0 %
Landet uten Oslo	46,7 %	46,2 %	45,3 %	44,9 %
Kostragruppe 01	42,6 %	42,1 %	42,5 %	41,9 %
Haugesund	50,5 %	51,8 %	51,1 %	51,5 %
Karmøy	45,8 %	46,4 %	46,8 %	48,1 %
Etne	46,0 %	45,9 %	47,1 %	51,6 %
Sveio	47,8 %	46,8 %	49,1 %	49,1 %
Tysvær	52,9 %	50,3 %	49,6 %	48,0 %

Nøkkeltal - % institusjonsplasser av talet på personar over 80 år - dekningsgrad

Det er vanleg å bruke omgrepet «dekningsgrad» når det gjeld institusjonsplassar, dvs talet på institusjonsplassar av talet på personar over 80 år (barnebolig og tilrettelagte tenester ikkje medrekna).

Vindafjord kommune ligg i 2025 på 16,7 % dekning for gruppa over 80 år. Landet utan Oslo har ei tilsvarande dekning på 14,6 %, medan KOSTRA-gruppe 1, som Vindafjord høyrer til, ligg på 14,1 %. Rogaland, Haugesund og Karmøy har om lag same dekningsgrad som Vindafjord, medan Tysvær ligg på 12 %.

Totalt institusjonsplasser

Dersom ein tek utgangspunkt i dekningsgrad og ser på eit scenario der ein gradvis reduserer til 10 % institusjonsdekning, vil det likevel vere behov for ein auke i talet på plassar – opp til om lag 104 plassar i 2050.

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2040	2045	2050
82 plasser uten auke	16,7 %	16,2 %	16,3 %	16,0 %	15,4 %	14,5 %	14,0 %	13,7 %	12,4 %	12,4 %	12,0 %	10,2 %	8,9 %	8,2 %
86 plasser uten auke fra 2032								14,4 %	13,7 %	13,0 %	12,6 %	10,7 %	9,3 %	8,6 %
92 plasser fra 2040												11,4 %	10,0 %	9,2 %
104 plasser fra 2045													11,3 %	10,4 %
Gradvis ned fra 16% (82) til 10 %	82	82	82	82	82	82	82	86	86	86	86	92	92	104

Nokre kommunar har eit langt lågare tal dersom dei har eit godt utvikla tilbod på «trappetrinnet under» (referanse til boligtrappen Agenda Kaupang) - dvs heildøgnsomsorgsbustader (HDO). Det er grunn for å tru at når denne tenesta er mangelfull er terskel inn i insittusjon lågare. Det betyr at enkelte bebuarar i institusjon idag truleg kunne klart seg i HDO dersom det fantes. Enkelte kommunar, til dømes Bjørnefjorden kommune har vektlagt HDO og har kun 10% institusjonsdekning.

I tabellen over ser ein korleis prosentsetsats slår ut dersom ein ikkje aukar institusjonsplassar, alternativt aukar frå 2032, frå 2040 og 2045 (sjå over). Dersom ein ikkje skal under 10-11 % i institusjonsdekning og heildøgnsomsorg-dekning, er det behov for minimum 104 plassar i 2050.

Agenda Kaupang si tilråding er å halde att på institusjonsplasser og heller auke opp heildøgnsomsorgbustader og heimetenester generelt, for å bremse den store veksten.

Langtidsplasser

Kommunen har i dag 66 langtidsplassar i bruk. Tilbod i institusjon for langtidsopphald er retta mot innbyggjarar som av ulike årsaker treng hjelp store delar av døgnet. Mange av desse vil vere personar med demenssjukdomar. Samstundes kan mange med demens klare seg lenge i eigen heim eller i tilrettelagde bustader.

Å halde talet på langtidsplassar stabilt inneber i praksis at kommunen reduserer institusjonsdekninga, ettersom talet på eldre aukar. For å kunne gjennomføre dette, er ein avhengig av å byggje opp alternative tilbod til institusjon i form av heildøgns omsorgsbustader og utbygging av heimebaserte tenester.

Korttidsplasser

I dag har kommunen 82 institusjonsplasser fordelt på Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter med 16 korttidsplasser og 66 langtidsplasser. Langtidsplassar og korttidsplassar er heilt ulike funksjonar. Langtid skal vere heimen til bebuaren over eit lengre tidsrom, ofte siste del av livet. Korttid skal vera eit tilbod ein kort periode innbyggjaren ikkje treng sjukehusbehandling men kan heller ikkje klare seg heime. Det kan vera behov for behandling, rehabilitering, smertebehandling, observasjon eller annan oppfølging. Korttidsavdeling er for alle innbyggjarar som fyller kriteria uavhengig av alder.

Korttidsopphald kan også vera avlastningsplassar, det fungerer ofte som vekselplass mellom heime og institusjon. Dette er eit viktig tilbod for å kunne bu heime lengst mogeleg. Korttidsopphald kan vere mellom 1 og 60 døgn, gjennomsnitt bør liggje under 20 døgn. Bebuaren betaler fast døgnpris, kr 205 per døgn. Dersom opphaldet overstig 60 dagar blir det rekna som langtidsopphald. Kommunen har også plikt til å yte kommunal øyeblikkeleg hjelp døgnopphald (KØHD), ei slik teneste er naturleg å leggje til korttidsavdeling. Kommunen kjøper denne tenesta eksternt i dag.

Det er kjent at det er stort press på kapasiteten i norske sjukehus. Kommunane må truleg planleggje for at ein større del av behandlinga som i dag skjer i sjukehus, i framtida vil bli utført i kommunane. Då kan det bli avgjerande med tilstrekkeleg sengekapasitet. Dersom det nye omsorgsbygget blir lokalisert i Ølen, vil korttidsavdelinga ha fordel av nærleik til legevakt, ambulanse og fastlegekontor.

Det kan sjå ut som det er «vanleg» i ein del kommunar å ha korttids plassar på om lag 3 % av talet på personar over 80 år, men det er stor variasjon. Andre estimat tyder på at nivået ligg mellom 3 og 5 %.

Haugesund og Tysvær kommune har korttids plasser på 3 % i 2025.

Tabellen viser talet på korttids plasser ved 3 % og 5 %.

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2040	2045	2050
Dersom korttid 3 %	15	15	15	15	16	17	18	18	19	20	20	24	28	30
Dersom korttid 5 %	25	25	25	26	27	28	29	30	32	33	34	40	46	50

Dersom talet på korttids plassar skal vera 3 % av gruppa over 80 år, må dette tas omsyn til når det gjeld fordeling av institusjons plassar og heildøgn. Eit scenario er å planlegge for 24 plassarkorttid (3 % i 2040), halde talet på langtids plasser nede og auka kapasiteten med fleire heildøgns omsorgsbustader HDO framover i tid.

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2040	2045	2050
Mulig HDO dersom 104 plassar totalt								14	14	14	14	14	14	10
Langtid	66	66	66	66	66	66	66	66	66	66	66	66	66	70
Korttid	16	16	16	16	16	16	16	24	24	24	24	24	24	24
Sum institusjon	82	82	82	82	82	82	82	90	90	90	90	90	94	100
Sum heildøgn								104	104	104	104	104	104	104
% institusjonsdekning	16,7 %	16,2 %	16,3 %	16,0 %	15,4 %	14,5 %	14,0 %	15,0 %	14,3 %	13,6 %	13,2 %	11,2 %	10,2 %	10,0 %
% heildøgnsdekning								17,4 %	16,5 %	15,7 %	15,3 %	12,9 %	11,3 %	10,4 %

Dette scenarioet legg til grunn at ein både optimaliserer drift i det nye omsorgsbygget, samt set inn innsats for å styrke/optimaliserer heimetenestene samt å «dytte nedover» i omsorgstrappa. Ref. rapporten Agenda Kaupang helhetlig boligpolitikk.

13.04.2026

Annbjørge Lunde